

Referat frå årsmøte i Sunnfjord Kajakklubb

Årsmøtet i Sunnfjord Kajakklubb vart helde den 28. februar 2014 kl. 18.00 på Sunnfjord Hotel. Det møtte 20 personar på årsmøtet. (kom til 2 personar ekstra underveis)

Sak 1. Val av ordstyrar. Randi Erdal vart valgt til ordstyrar, og Brit Siv Fimland til referent. Til underskrift av årsmøteprotokoll vart Petter Erik Leirhaug og Roald Apalseth valde.

Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 3. Årsmelding. Årsmeldinga for år 2013 vart gjennomgått av Øivind Korsøen. Nokre korrigeringar vedr. turar/kurs og antal deltakarar. Det kom positive tilbakemeldingar på jobben som har vore gjort med juniorsatsinga og auke i medlemstalet. Årsmeldinga vart godkjent utan merknader.

Sak 4. Rekneskap. Rekneskapet for år 2013 vart gjennomgått av kasserar Rune Berge, og vart godkjent utan merknader.

Sak 5. Kontingent. Forslag om å vidareføre medlemskontingenten på kr. 250 også neste år. Junior kr. 200. Vedtatt.

Sak 6. Budsjett 2014. Budsjettet for år 2014 vart gjennomgått av kasserar Rune Berge, og vart godkjent utan merknader. Nokon presiseringar om summeringar som ikkje stemte, og må rettast. Vedr. kompetanseheving skal det undersøkast om det er muligheter for å søke om midlar til utdanning av fleire instruktørar. Kursing av junior aktivitetsledar blir truleg sponsa av NPF, med ein eigenandel på kr. 500.

Sak 7. Orienteringssaker. Juniorgruppa vart orientert om under sak 3, Årsmelding.

Utbygging av naust: Vi har behov for toalett i naustet, og det har vore lagt fram eit forslag til påbygg for kommunen. Tilbakemeldinga frå kommunen seier at det bør byggast i same stil som det eksisterande naustet. Det er planlagt arbeid med legging av vatn og avløp til ei nabotomt, og vi vil då få lagt vatn til naustet samtidig utan store kostnader. Vi kan søke tippemidlar om vi søker som idrettsbygg. Prosjektet må då inn i planane til kommunen. Vi kan evt. Ta opp lån for å kunne starte bygging tidlegare. Oppstart til hausten kan være mulig å få til.

Sak 8. Val av styre. Styret for 2014 vart samrøystes valgt, og består av:

Øyvind Korsøen (leiar)

Randi Erdal (nestleiar)

Rune Berge (kasserar)

Ina Bruland

Brit Siv Fimland

Guttorm Kleppe

Jan Midtbø (går inn for Kjartan Kvellestad, som representant for Florø-gruppa)

Odd Arne Kjøsnes (vara)

Ingvald Kvåle (vara)

Val av revisorar: Ole John Østenstad og Einar Paulsen vart samrøystes valde.

Val av valkomite: Øistein Christiansen, Christian Vik og Petter Erik Leirhaug vart samrøystes valde.

Førde, 14. april 2014

Brit Siv Fimland

Petter Erik Leirhaug

Roald Apalseth